



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Dykkar ref: 2021/315	Dykkar dato: 12.07.2024	Vår ref: 24/25564 - 24/111303	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 16.07.2024
----------------------------	-------------------------------	-------------------------------------	---	---------------------

Hustadvika kommune - kommuneplan - kommuneplanens arealdel 2025-2037 - uttale

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Hustadvika kommune har lagt ut kommuneplanens arealdel 2025 – 2037 på høyring og offentleg ettersyn. Vi gav uttale ved oppstart og høyring av planprogram til kommuneplanen sin arealdel 09.04.2021. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2032 blei vedteken hausten 2020 er saman med kommunal planstrategi viktige grunnlag for arealdelen. Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt innspel på desse, og våre fråsegn der er også eit grunnlag for arealdelen.

INNLEIING

Hustadvika kommune har gjort eit grundig arbeid med kommuneplanen sin arealdel, og vi kan sjå samanhengen med målsetningane som er sett i kommunen sin samfunnsdel.

Høyringsutkastet er eit godt utgangspunkt for slutproduktet. Det har vore utfordrande å kople det innsendte plankartet i pdf-format mot dei emna/ansvarsområda som vi sjekkar via GIS-link.

MERKNADER TIL KONSEKVENSUTGREIINGA

Dette avsnittet gir særskilde merknader knytt til konsekvensutgreiingane (KU-dokumentet).

Planfaglege merknader

KU-dokumentet er ryddig sett opp, det er gjort greie for metodikk og datakjelder, og det er gjort samla vurderingar til sist i dokumentet. Utgreiing av enkeltområda er sett opp tematisk i tabellar med kort omtale av konsekvensgrad og essensen av konsekvensane. Det er også gjort greie for eventuelle avbøtande tiltak. Risiko- og sårbarheitsanalyse er del av dette, men samstundes tydeleg som eige tema, jamfør pbl § 4.3. Vi har ikkje merknader til måten KU er gjort på, men nokre kommentarar til innhaldet.

Konsekvensutgreiingar er reint juridisk ein del av planomtalen (jf. omgrepene "verknader" i pbl § 4.2). Dette bør presiserast i innleiinga til KU-dokumentet. Det er viktig at både planomtale og KU synleggjer samanhengen mellom desse dokumenta, jamfør også merknadene til planprogram.

Kap 1.1 viser til 89 innkomne forslag. Planomtalen fortel i tillegg at kommunedirektøren har hatt nokre eigne forslag. Kapittel 1.2 viser til ei "grov siling" administrativt i kommunen. Vi har ikkje merknader til dette, men det bør gå fram kva kriterium som er lagt til grunn.

Tabell i kapittel 1.3 listar alle areal vurdert i KU. Berre 6 av i alt 72 er avvist i ny plan, det eine med tilvising til alternativt arealbruksforslag (Malmefjorden – Tømmervegen). Sett opp mot påviste planreservar og framskriving av utviklinga i kommunen, er det lagt til rette svært mykje areal for utbygging, noko som svekkjer realismen i planen. I den planfaglege kommentaren her, går vi ikkje inn i utgreiingane for enkeltområda, men peikar generelt på at kommunen ser ut til å opne for omdisponeringa av areal også på lokasjonar der utgreiingane tilseier motsett konklusjon, dels utan at alternativ er vurdert.

Ein siste – men viktig – kommentar gjeld tabell 5.3, arealrekneskapen. Som arealrekneskap viser tabellen berre to variablar; utbyggingsareal og LNF, begge innanfor kategorien "arealformål i plan". Dette er berre i avgrensa grad interessant. LNF-føremålet gjeld som regel store areal, med ulike eigenskapar og verdiar. Sjå også vidare under merknad frå landbruk.

Som grunnlag for vurdering opp mot ulike sektorinteresser, må arealrekneskapen vise kva markslag arealet som blir omdisponert til byggeformål har, dyrka- og dyrkbar mark, produktiv skog, myr m.v. Inntil dette er gjort, vil fylkeskommunen ha **motsegn** til planframlegget i medhald av pbl § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar § 18, 3. ledd.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer konsekvensutgreiinga som oversiktleg i høve til automatisk freda kulturminne. Vi gjer vidare merksam på at ikkje alle av dei planlagde utbyggingsområda er arkeologisk registrerte. Vi føreset at alle forslag til reguleringsplanar og dispensasjonar blir sendt til oss for uttale, jf. §§ 9 og 25 i kulturminnelova.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Fylkesplanen er ein tverrfagleg utviklingsplan for samfunnet Møre og Romsdal i inneverande planperiode 2025 – 2028. Den er bygd opp rundt FN sine berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane som ligg der. Den inneholder 17 fylkesplanmål som stakar ut retninga vi vil at fylket skal utvikle seg i, og vi nemner vidare i vår uttale nokre av desse måla som er relevant i samband med arealplanlegging. Samfunnet er inne i ei brytingstid, der utfordringane er større enn på lenge, både globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Men moglegheitene er der for at ein skal kunne greie omstillingane og få fart på ei berekraftig og heilskapleg samfunnsutvikling, men da må ein gjere kloke prioriteringar no, også når det gjeld arealbruk.

Planfaglege merknader

Planomtalen

Planomtalen er systematisk oppsett med eit innhaldsregister som femner dei tema som er å vente. Det er i innleiinga vist til vedteke planprogram. Vi har nokre kommentarar til ulike delar av planomtalen.

Vi vil først be om eit presiserande tillegg i kapittel 1.3, 2. avsnitt, her i kursiv: "Kommuneplanens arealdel omfatter plankart, bestemmelser med retningslinjer, og planbeskrivelse med konsekvensutgreiinger". Jamfør også dei planfaglege merknadene til KU.

Kapittel 2 består (berre) av to tabellar som skal gi "oversikt over omdisponeringen i kommuneplanen". Det er positivt med ei slik oversikt i starten av planomtalen. Den andre tabellen i kapitelet er sjølvforklarande, men ikkje den første, som listar opp ei rekke stadnamn under ulike planformål. Tittelen "omdisponering" i kapittelet, tyder på at lista gjeld endringar frå eksisterande planar. Dette stemmer nokolunde med kva område som er underlagt konsekvensutgreiing. Her er likevel nokre avvik, som ikkje utan vidare er innlysande. Tabellen bør ha referanse til KU-dokumentet både generelt og spesifikt for kvart område.

Kapittel 3.2 om medverknad er informativt, her er også vist til vedlegg med referat frå folke-møte. I avsnittet om kommunale råd, er likevel berre opplyst kva ein ønsker (kopiert frå planprogrammet?), ikkje kva som faktisk er gjort.

Koplinga mot overordna samfunnsplan og anna planverk er godt synleggjort i kap. 4.3, med to unnatak. Først saknar vi omtale av kommunedelplan for Atlanterhavsvegen, som for Hustadvika sin del ser ut til å vere integrert i ny, samla kommuneplan. Både ut frå at delplanen faktisk finst, og ikkje minst i lys av møte som har vore om revisjon av denne delplanen (saman med Averøy kommune), er det nødvendig med ei forklaring i planomtalens. Eventuelt kan ein kort gjere greie for at planen er implementert uendra (?), med sikte på seinare revisjon. Det er i tillegg nødvendig å opplyse at reguleringsprosess er igangsett på Hågå.

For det andre saknar vi omtale av korleis eldre reguleringsplanar er vurdert opp mot ny plan. Opplistinga i føresegndene § 10.6 tilseier at dei aller fleste av gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde. Vi vil stille spørsmål ved om dette er ønskeleg, og ikkje minst tenleg. Heller ikkje andre stader i planomtalens er dette omtalt. Jamfør pbl § 11-8, pkt. f, andre punktum. Sjå også merknadene til § 1 i føresegndene, lenger nede i dokumentet.

Kapittel 5 om grendene i kommunen er også informativt og viktig for vidare forståing av planen. Vi har likevel tre spørsmål/kommentarar:

- Er omgrepet "tettstad" det same som SSB nyttar eller ikkje?
- Kva er grunnlaget for å summere over ulike grunnkretsar i tabellen?
- Tabellen bør synleggjere kva grunnkrets dei ulike tettstadene, som ein viser til, ligg i.
For lokalkjende er nok dette innlysande, men ikkje for andre.

Kapittel 6 gir ei omfattande orientering om bakgrunn for og grunngiving av det konkrete planframlegget. Kapitelet er stort sett konsistent med korleis ein omtaler den "raude tråden" i kommuneplansystemet (kap. 4.3). Vi saknar likevel referansar til konsekvensutgreiingane. Det same gjeld for så vidt også kapittel 7, der dei konkrete planendringane er omtalt. I den grad ein refererer til arealrekneskapen, bør det framkome at denne finst i kapittel 5-3 i konsekvens-utgreiingane.

Kapitla 7.1 og utetter, gir bra oversyn over planreserven til dei ulike føremåla i eksisterande kommuneplan. Det bør kanskje presiserast at tala gjeld eksisterande planar (vi føreset at reguleringsplanar inngår i tala), og at dei nye, føreslårte areala derfor kjem som tillegg til eksisterande. Vi saknar i større grad enn det som er gjort, ei vurdering av kvar planreservane er tilstrekkelege og kvar det er behov for nytt, tilrettelagt utbyggingsareal. Det er for eksempel i (7.1) vist til 729 daa planreserve for bustader. Det er berre delvis gjort greie for kvar desse areala finst, og kvar dei trengst/ikkje trengst.

Planframlegget blei sendt til høyring før sommarferien. Kommunens største utfordring no, er kanskje å tilpasse dei overordna måla og arealplanen til den økonomiske situasjonen som i haust har blitt synleg i media. Det synest mellom anna aktuelt å gå inn i diskusjon om strukturering av kommunale tilbod. Dette bør koplast mot arealdelen.

Generelle føresegner

Føreseggnene er redaksjonelt ordna i samsvar med god forvaltingsskikk, med fellesføreseggnene først, og føresegner til enkeltføremål deretter. Til sist er i føresegns form lista kva arealplanar som skal gjelde framfor ny kommuneplan. Retningslinjer er tydeleg skild frå bestemmingane, gjennom farga tekstboksar.

Føreseggnene framstår likevel svært omfattande og vi stiller spørsmål ved om dei blir krevjande å forvalte i ettertid.

Aller først minner vi om at (store) delar av det som er nemnt som avbøtande tiltak i konsekvensutgreiingane, må sikrast gjennom føresegner til dei konkrete areala det gjeld. Dersom ikkje, vil framtidig utbygging ikkje nødvendigvis skje slik det er tenkt/føresett. Vi har ikkje kontrollert om dette faktisk er på plass.

Vi har ikkje gått gjennom heile føreseggnene på fulldekkande vis. Konkrete merknader nedanfor om enkeltformuleringar, kan derfor stå fram noko tilfeldig. Enkeltmerknader kan ha overføringsverdi til andre paragrafar.

I § 1 finn vi grunn til å kommentere at dei ulike ledda overlappar kvarandre, er dels unødvendige. 1.1.b er det mest sentrale her, og eigentleg det einaste nødvendige. "Uregulert veg" i ledd c inngår i "samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur" i 1.1.b.

Slik vi oppfattar 1.1.a, er dette ledet retta mot areal i arealplanen der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde. Tiltak som er i samsvar med gjeldande reguleringsplanar kan gjennomførast. Andre tiltak krev nyregulering eller dispensasjon (frå reguleringsplanen). 1.1.a gir med andre ord ikkje mening. (Kommuneplanen kan til ein viss grad gi føresegner om utnyttingsgrad mv. som også vil gjelde i omsynssone etter 11-8 pkt. f., dersom gjeldande reguleringsplan. Vi kan ikkje tilrå dette. I punkt c er det sannsynlegvis tenkt på mindre arealjusteringar mellom tilliggjande eigedomar, der ulike situasjonar tilseier korreksjon. Dette vil

§ 1.2 punkt b og c gir stort tolkingsrom. Retningslinjene prøver å tydeleggjere kva som er meint. Omgrepet "boligformål" i punkt b må likevel nødvendigvis knytast til arealformåla "bolig" i kartet. Desse kan vere store og ubygde. Paragrafen opnar for suksessiv frådeling av tomt etter tomt frå ein større eigedom, inntil også større bustadområde er fullt utbygd utan reguleringsplan. Vi kan ikkje tilrå dette. I punkt c er det sannsynlegvis tenkt på mindre arealjusteringar mellom tilliggjande eigedomar, der ulike situasjonar tilseier korreksjon. Dette vil

vi ikkje motsette oss, men reint juridisk gjeld same logikken som for punkt b og punktet bør presiserast.

§ 1.4.2 har vi ikkje vurdert substansielt, men påpeikar at den kan gi grunnlag for "kvotetilpassing", og såleis ikkje nødvendigvis bygge under behovet for samanhengande planlegging over større område.

§ 1.5 ser ut til å samanfalle delvis med § 1.3. Begge representerer ein kombinasjon av reelle rekkefølgekrav og kvalitetskrav. Kanskje bør desse to elementa skiljast meir tydeleg.

§ 2.1.a har heimel i veglova. Føresegna har med andre ord ikkje rettsverknad gjennom vedtak av kommuneplanen og framstår derfor som ei (unødvendig) saksopplysning.

For § 2.2.1.a og 2.2.2.e gjeld tilsvarande, med referanse til vassressurslova og vassforskrifta. Kravet om at miljømessig tilstand ikkje skal forringast, er likevel relevant, ikkje berre for reguleringsplanar, men for tiltak generelt.

§ 2.2.2.a og c synest unødvendige. Dersom byggegrense ikkje blir fastsett i plan, gjeld pbl § 1.8. Allemandsretten er heimla i friluftslova.

I § 2.2.2.d bør det også visast til pbl § 1-8, 4. ledd.

Gjennom § 2.2.2.g forsøker ein ei sjablongmessig tilnærming med utgangspunkt i ei lang rekke reguleringsplanar av svært ulik alder og kvalitet. Vi minner om behovet for å vurdere kvar sak for seg, avhengig av kva verdi strandlinja faktisk har. Vi kan ikkje tilrå denne paragrafen.

Store delar av paragraf 3 bør vurderast/endrast ut frå om formuleringane gir reelt styringsinnhald eller berre opnar for saksbehandlar sitt frie skjøn. Det siste fordrar ikkje føresegner, men retningslinjer, som også bør vere nokså konkrete. Som døme løftar vi fram 3.2.a: Her er det ulike omgrep som kan/må tolkast i ei kvar sak: "områdeutbygging", "sentrumsnært", "tettstedets karakter", "vil stå fram i forhold til". Ingen av desse omgrepene gir reell styringsverknad utover å synleggjere ein god intensjon. Meir konkret er kravet om 3D-illustrasjonar i 3.2.c.

§ 3.3 bør knytast til areal som faktisk er opna for spreidd utbygging. Som generell føresegne er det i beste fall berre punkt c som er relevant, men vi spør om ein treng særskilte estetiske krav knytt til gardsbruk?

§ 3.6 a og b har heimel i kulturminnelova, og har ikkje rettsverknad etter kommuneplanen. Bør takast vekk, i høgda framkome som retningslinje/informasjon (blå boks). § 3.6.e, er vi usikker på

om tilvisinga til kulturmiljø med historisk, arkitektonisk eller annan verneverdi er presis nok til at paragrafen gir faktisk heimel. Sjå vidare kommentar under kulturminne frå nyare tid.

Når det gjeld § 4.1 er det nok først og fremst Statsforvaltar som har kompetanse. Vi stiller likevel spørsmål ved om det bør visast til definerte tryggleiksklassar.

Dei andre delane av paragrafen viser til ulike statlege retningslinjer, som ofte kan gjerast rettsleg bindande gjennom kommuneplan. Nokre av formuleringane er likevel unødvendige, som til dømes § 4.5, der heimelen ligg i teknisk forskrift (TEK). Vi vil nok også hevde at § 4 generelt kan gi kommunen store utfordringar når han skal kvitterast ut i det store talet enkeltsaker som passerer. Vi vil likevel gi ros for jordvernintensjonen i § 4.7.

Vi er også positive til intensjonane i § 4.8. Det er positivt at kommunen har merksemd om deponi, og knyt dette til areal som er opna for masseuttak. Punkta a og b, både i 4.8.1 og 4.8.2, er likevel unødvendige. Plankravet er allereie gitt i § 1.1, med definerte unnatak i § 1.2. Vi viser dessutan til kommunens generelle heimel for å krevje reguleringsplan gjennom pbl § 12-1.

Sjølve lokaliseringa av massetak er/skal vere gitt av kommuneplanens arealdel, og overordna verknader skal framkome av konsekvensutgreiingane. Slik § 4.8 kjem fram no, kan han isolert sett tolkast slik at kommunane opnar for massetak og deponi også alle andre stadar, gitt vilkår. Her bør med andre ord ryddast noko i formuleringane, der hovudintensjonen må vere å gi visse føringar for reguleringsplanlegginga, i areala som kommuneplanen legg til rette, om etterbruk. Initiativ som kjem fram andre stader må møtast med reguleringskrav etter pbl § 12-1, eventuelt dispensasjon innanfor rammene av pbl kap. 19. Kommuneplanen kan ha retningslinjer om dispensasjonspraksis (men jussen er styrt av lova sjølv).

Føresegner til arealformåla

Føreseggnene er generelt omfattande og dels detaljerte. Utan at vi går i detalj, vil vi rá kommunen til å vurdere nærmere kva som faktisk er nødvendig å styre i overordna plan, og kva som er naturleg å overlate til reguleringsprosess. Rommet for regulering må vere stort nok til at reguleringsprosessen oppfattast som tenleg. Dette må også sjåast i samanheng med reguleringskravet i § 1

Vi er fullt på det reine med at ein del utbygging vil skje utan (ny-)regulering i førekant. I den grad dette skjer innanfor eldre reguleringsplanar utan rammer for utnytting m.m., vil kommunen ha nytte av at kommuneplanen gir slike, overordna rammer. Desse bør vere godt grunngitt i planomtalen, slik at det også er eit godt grunnlag for å vurdere eventuelle dispensasjoner.

Vi vil også peike på at § 6 er knytt til arealformåla under hovudgruppa samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Her er ledda frå § 6.3.2 og utetter i motstrid, i og med at desse er tenkt å

gjelde alle andre arealføremål. Parkering på eigen grunn for bustader bør med andre ord flyttast under bustadformålet, og tilsvarande for andre arealformål.

§ 5.1 gjeld rammer for bustadbygging. Her vil vi gi ros for krava til uteareal og leikeareal, som vi oppfattar som gode (5.1.2 – 4). Krav om rekkefølge er likevel sikra også i § 1.3.b.

I § 5.4 er det referansar til rikspolitisk bestemming om kjøpesenter. Denne finst ikkje meir. I den grad ein skal vise til rammer, må det vere [fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader](#), i medhald mellom anna av rikspolitisk retningslinje (RPR) om samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Vi ber likevel om at kommunen definerer konkret avgrensing av detaljhandel i samsvar med regional plan, og også stiller krav om handelsanalyse i samsvar med regional plan, dersom grensene blir utfordra. Inntil dette er gjort, har vi **motsegn** til planen. Sjå vidare kommentar under by- og tettstadutvikling.

Når det gjeld § 8.1, har denne ikkje heimel, utover det som kjem fram i § 8.1.2. Det er lova som styrer kva som er tillate i LNF-områda, og kommuneplanen kan ikkje endre dette. Det kan likevel vere på sin plass med retningslinjer, som grunnlag for dispensasjonspraksis, jamfør punkt 8.1.b og c.

Vi minner særskilt om pbl § 11-11 nr 4 og 5. Førstnemnde bør kommunen nytte til å etablere nødvendige unnatak frå § 1-8 for stadbunden næring. I motsett fall vil eit kvar tiltak i landbruket innanfor hundremetersbeltet fordre dispensasjon. Vi presiserer at unnataka må stå fram som nødvendige.

Vi peikar også på § 9, som har rett tittel berre dersom definerte soner inngår i "sjø og vassdrag" på kartet. I motsett fall vil paragrafen for ein stor del gjelde LNFR, slik det vel kan synest som i § 9.1.

Plankravet for småbåthamner i § 9.2, bør for oversynet sin del flyttast til § 1.1.

Samfunns- og næringsutvikling

Framlegget til plan drøftar folketalsutviklinga i Hustadvika kommune og ein ønskjer å legge til rette for fleire spreidde bustadomter, og mellom anna fortsette å arbeide med tettstadattraktivitet med ein tanke om at tettstadene treng aktive og levedyktige krinsar og bygder.

[Fylkesstatistikken for 2023](#) syner at Møre og Romsdal hadde ein auke på 0,9 prosent i folketalet frå 2022 til 2023, men at veksten her er svakare enn gjennomsnittet for landet. Dei framskrivingane SSB har gjort av folketalet, viser at det innan få år blir vesentlege endringar i befolkningssamansettinga i kommunane. Som Hustadvika sjølv også nemner, så vil fleire eldre og færre barn og unge påverke tenesteproduksjonen i mange kommunar i Møre og Romsdal. Å

legge til rette for bustadomter er ikkje ein strategi som isolert sett fører til auka tilflytting. Ein viss bustadreserve er sjølv sagt nødvendig, men vi rår til at det bør vere eit samsvar mellom prognosar for vekst og omfang av bustadareal.

Landbruk og jordvern

Fylkesplanmål M2: Møre og Romsdal skal ha ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekraftig verdiskaping og varetaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet.

Fylkesstrategi for landbruk for Møre og Romsdal 2023-2026 har som overordna mål å ha eit verdiskapande og berekraftig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar. For at Møre og Romsdal skal oppretthalde sin del av den norske matproduksjonen må vi arbeide for å ta vare på matjorda og oppretthalde produksjonen.

Hustadvika kommune er med sine 73 km² jordbruksareal i drift, den største landbrukskommunen i Møre og Romsdal, der mjølkeproduksjon er den som gir mest verdiskaping i jordbruket. Hustadvika har 327,2 årsverk à 1845 timer, i jordbruket 2020 (NIBIO rapport, vol. 8, nr. 64, 2022: *Verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri i Møre og Romsdal*)

Kommunane har ei sentral rolle når det gjeld vern av dyrkjord. I brev av 23.03.2024 frå Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet som gjekk ut til alle kommunar og fylkeskommunar, er det tydeleg at jordvern er sett på den nasjonale dagsordenen. Nasjonale føringer legg vekt på at ved planrevisjon er det viktig å vurdere om areal som tidlegare er omdisponert frå dyrkjord, som enno ikkje er utbygd, skal tilbakeførast til LNF formål.

Nasjonal jordvernstrategi vart oppdatert i 2023. Det vart då sett mål om at årleg omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstige 2000 dekar på nasjonalt nivå, og at målet skal vere nådd innan 2030. I tråd med den nasjonale målsetninga, har Fylkesstrategi for landbruk Møre og Romsdal 2023-2026 ei målsetning om at maksimalt 100 dekar dyrkjord vert omdisponert til andre formål årleg i fylket. I fylkesstrategi for landbruk kjem det også fram at fortetting av allereie nedbygd areal skal alltid vurderast før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord.

I høyringsforslaget frå Hustadvika kommune, under «bestemmelser og retningslinjer» § 4.7 Dyrket og dyrkbare areal, jf. Pbl. § 11-9 nr 8 a, står det « Det skal være nullvisjon for nedbygging av dyrka og dyrkbare areal». Vidare står det at «omdisponering av større jordbruksareal skal om mogleg erstattast med nytt jordbruksareal....».

Vi kan ikkje sjå at desse punkta kjem fram i arealplanen. Kommunen bør i sin arealplan drøfte jordvernutfordringar og sette konkrete mål om jordvern som tek utgangspunkt i nasjonale og regionale føringar og det er viktig å sikre at matjorda vert bevart for framtidige generasjonar. Det er flott at Hustadvika kommune i planarbeidet skal tilbakeføre ein del areal til LNF område, som er i tråd med oppmodinga frå departementa. Men, utifrå det vi kan sjå kjem det ikkje klart fram i dokumentet kor stor andel dyrkajord som inngår i arealet som vert ført tilbake til LNF område, eller kor stor andel dyrkajord som vert foreslått omdisponert til anna areal.

Det bør og kome klart fram av planen kor stor samla del dyrkajord det er i LNF områda som vert berørt. Vi kan heller ikkje sjå det kjem fram av planen korleis ein planlegg å erstatte omdisponert dyrkajord med tanke på nullvisjonen til kommunen i nedbygging av dyrkajord.

Vidare er det i arealplanen foreslått å sette av areal til spreidd bustadbygging. Fleire av desse areala som er foreslått er i dag fulldyrka jord. Dette er i strid ikkje berre med regionale og nasjonale føringar når det gjeld jordvern, men også med Hustadvika kommune sine eigne tidlegare nemnte føring som er nullvisjon på nedbygging av dyrkajord. Vi vil her trekke fram nokre døme:

Området Haukås – Øvre Haukåsvegen, nr B38.

Her er det foreslått å omdisponere fulldyrka jord til bustad, medan det skal omdisponerast eit område med produktiv barskog og lauvskog med høg bonitet tilbake til LNF. Dette tiltaket er sett til konsekvens 0 for jord og skogressursar. Vi set spørsmålsteikn ved vurderinga om at det er ingen konsekvens å bygge ned fleire dekar med fulldyrka jord. Dette er i strid med nasjonale og regionale føringar men også med kommunen sine eigne bestemmingar der de vil ha nullvisjon for nedbygging av dyrkajord. Ein bør sikre at jordbruksareal som vert omdisponert vert erstatta med jordbruksareal av same kvalitet for å oppretthalde areal av dyrkajord i kommunen.

Eide-Silnesmyran, nr. LSB23

Her er det foreslått å omdisponere eit område som består av fulldyrka jord, noko som er i strid med nasjonale og regionale føringar og i strid med kommunen sin nullvisjon når det gjeld nedbygging av dyrkajord. Rundt dette feltet som er tenkt til bustadbygging, er det fulldyrka jord. Å legge ut tomter midt inne i eit areal som i dag er fulldyrka kan potensielt også føre til konflikt mellom framtidig bustadeigarar og landbruksdrift i forhold til støy, støv, lukt med meir.

For at vi skal kunne vurdere forslaga til ny arealbruk i konsekvensutgreiinga må det leggast fram eit arealregnskap som har ei vurdering opp mot ulike sektorinteresse, og som må vise kva markslag arealet som blir omdisponert til byggeformål har, dyrka- og dyrkbar mark, produktiv skog, myr m.v. Sjå også kommentar under merknad til konsekvensutgreiing.

Tettstadutvikling

Fylkesplanmål IK 3: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med sær preg, gode buminne og offentlege møteplassar, godt kultur- og tenestetilbod og miljøvennleg transport.

Det er bra at Hustadvika vidarefører satsinga på Elnesvågen med bustadbygging fortetting og lokalisering av funksjonar som bibliotek og kulturskule i sentrumsområdet. I samband med den varsla områdereguleringa for sentrum blei det utarbeida eit godt og omfattande kunnskapsgrunnlag som inneheld mange føringar for utforming av busetnad, byggemønster, gater, offentlege rom og parkering.

Tydelege føresegner når det gjeld skala, høgder, gatetversnitt og overgang og kantsoner vil kunne gi større føreseielegheit og betre avklåringar tidlegare. Kravet til to oppstillingsplassar pr. bueining kan synest for høgt i område der ein legg opp til fortetting.

Fortetting krev meir heilskaplege løysingar der prosjekta må henge saman og heng saman med kvarandre, og til heile sentrumsområdet. Krav til dokumentasjon i form av snitt og oppriss, og krav om innleiande stadaralyse er tilrådde verktøy for å evaluere planinitiativ/forslag i ei tidleg fase. Vi viser til rettleiaren "Fortetting med kvalitet" utarbeid av Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026.

Vi gjer merksam på at Rikspolitiske planretningsliner for kjøpesenter ikkje gjeld lenger. Detaljhandel og tenester skal lokaliserast i tråd med [Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026](#) og «Statlege planretningsliner for samordna areal, bustad – og transportplanlegging». Vi viser og til [Rettleiar for utarbeiding av handelsanalyse](#) som skal nyttast på kommuneplan- og tiltaksnivå for etablering av handel som ikkje er i tråd med fylkesstrategien sine føresegner. Vi ber om at kommunen tar dette inn i sine føresegner,

Vi ber likevel om at kommunen definerer konkret avgrensing av detaljhandel i samsvar med regional plan, og også stiller krav om handelsanalyse i samsvar med regional plan, dersom grensene blir utfordra. Inntil dette er gjort, har vi **motsegn** til planen.

Samferdsel

Fylkesplanmål V3: Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem både på land, luft og sjø, som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov så langt som råd.

Endra arealbruk og fylkesvegnettet

Vi vil presisere at det er ingen automatikk i at område med direkte tilkomst frå fylkesvegane, og som blir frigitt til utbygging gjennom kommuneplanen, skal etablere nye kryss eller avkjøyrslar til

fylkesvegane. Der det er mogleg bør ein søke å samordne avkøyrslar, slik at ein kan nytte eksisterande avkøyrslar. Ein må likevel rekne med å måtte utbetre desse som følge av auka/endra bruk. Dette må vurderast i reguleringsplan eller ved behandling etter veglova.

For å ta vare på omsynet til trafikktryggleik kan det derfor seinare bli stilt rekkefølgjeføresegns om tiltak i ein reguleringsplanprosess. Døme på slike tiltak kan vere utforming av kryss, trygge ganglenker, busshaldeplass og trygge kryssingspunkt over fylkesvegen. Generelt sett vil det vere den part som utløyser behov for tiltak på/langs fylkesvegnettet som vil måtte ta denne kostnaden.

Ny rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg tredde i kraft frå 01.09.2020 og vil vere rettleiande for haldningane Møre og Romsdal fylkeskommune vil praktisere ved behandling av både avkøyrselssaker og byggegrensesaker. Vi minner om at sjølv om det kan vere unntak frå søknadsplikt etter plan- og bygningsloven, jf. føresegna i kommuneplanen, kan tiltak vere søknadspliktig etter veglova eller eventuelt vere avhengig av dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Parkeringsføresegns § 6.3

Viser til parkeringsføresegna § 6.3.2 c – k. Vi merker oss at dette er føresegner som det kan vere svært vanskeleg å saksbehandle ut frå. Føresegna vil føre med seg eit svært lite handlingsrom i kommunen si saksbehandling.

Hustad, Malevegen, Gbnr. 91/36: Fritidsbusetnad

Vi minner om at fylkesveg 6060 i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser er gitt haldningsklasse «steng» og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. Vi vil i denne samanhengen påpeike at det ikkje er så mykje areal igjen på tomta å bygge ut på. Vi minner også om at det er ei streng haldning til avkøyrslar på denne fylkesvegstrekninga.

Vi må også påpeike at føresegns § 5.2.1 l. kan føre med seg uheldig utbygging av fritidsbusetnad/hytter, da ein flytter reguleringsplankravet på den tredje fritidsbusetnaden/hytta som skal byggast i eit område. Det kan vere problematisk å overføre alle kostnadene i ein reguleringsplanprosess til den tredje fritidsbusetnaden/hytta i eit område.

Vikan, Sjåholmvegen, Gbnr. 94/18 og 99/1 mfl.: LNF-område med spreidd busetnad

Vi vil igjen påpeike at fylkesveg 6060 i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser er gitt haldningsklasse «steng» og ei generell byggegrense på 50 meter målt frå senterlinje fylkesveg. Vi minner også om at området er påverka av støy frå vegtrafikk, og gul støysone strekker seg omtrentleg 50 meter frå fylkesvegens senterlinje. Vi minner om at det på generelt grunnlag er eit nasjonalt mål å redusere talet på eigedomar som er utsette for støyforureining. T-1442 skal derfor bli lagt til grunn i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og

bygningsloven. I samsvar med T-1442 skal det for nye bustader i gul støysone mot fylkesveg gjerast nærmere vurderingar. Gul sone er ei vurderingssone, kor støyfølsam busetnad kan bli oppført dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støytihøve. Dette er forhold som må vurderast nærmere dersom kommunen likevel vil gå fram med busetnad så nære fylkesveg 6060.

Generelle utfordringar med spreidd busetnad

Etablering av bustad i LNF-område der tilhøyrande infrastruktur (løysingar for mjuke trafikantar, trygge ganglenker, skuleskyss m.m.) ikkje allereie er etablert kan gi uheldige verknader med omsyn til trafikktryggleik og kollektivtilbod. Det legg heller ikkje til rette for miljøvennleg transport. Møre og Romsdal fylkeskommune rår på generelt grunnlag til å vere svært varsam med å legge til rette for ei slik arealutvikling.

Vevang, Hågå, Gbnr. 129/237 og 129/164: Fritids- og turistføremål

Vi viser til tidlegare dialogmøte om Atlanterhavsvegen med mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune, Hustadvika kommune og Averøy kommune. Det blei avtalt at Hustadvika kommune ikkje skulle ta med Hågå-området i ny kommuneplan, og heller vente på ny forvaltingsplan for heile strekninga. Vi kan ikkje sjå at det har blitt tatt omsyn til dette i prosessen med ny kommuneplan.

Det er store utfordringar knytt til trafikktryggleik langs Atlanterhavsvegen. Det er også fleire utfordringar knytt til at strekninga er freda (sjå vårt fråsegn til reguleringsplan for hotell/bubilparkering på Hågå). Møre og Romsdal fylkeskommune som grunneigar bygde parkeringsplass for bubar på fylkeskommunen sin eigedom gbnr. 129/64 som eit tiltak for å betre trafikktryggleiken langs strekninga, spesielt trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Vi må fremme **motsegn** til arealføremål (her: Fritids- og turistføremål på gbnr. 129/164) som kan forverre trafikktryggleiken på strekninga, det vil seie å byggje ned vår parkeringsplass for bubar. Heimel for motsegn er veglova § 1 a.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesplanmål M3: Møre og Romsdal skal ta vare på eit mangfold av viktige kulturmiljø og sjå kulturmiljøa som ein ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonomi.

Hustadvika kommune har gjort ein god jobb med å innhente oversikt over verna og automatisk freda kulturminne i kommunen. Det har blitt utarbeidd gode H570- omsynssoner i viktige kulturmiljø.

Vi presiserer for ordens skuld at fornminne som er automatisk freda etter kulturminnelova ikkje er fri gitte sjølv om kommuneplanen legg til rette for annan arealbruk. Dette gjeld også kulturminne som vil bli registrert ved framtidige registreringar etter kulturminnelova § 9. Vi tek

derfor utgangspunkt i at kommuneplanen er ein overordna plan, og at vi ikkje har tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jamfør kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Dersom det ligg føre arealkonfliktar med automatisk freda kulturminne vil vi måtte reise motsegn mot det endelige planforslaget. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er ikkje tillate utan dispensasjon frå kulturminnelova. Det er framleis ein del automatisk freda kulturminne som manglar kartfesting i plankartet, og som må vere på plass før plana kan godkjennast. Vi vil ha **motsegn** til plana inntil dette er følgt opp.

85 automatisk freda kulturminne manglar kartfesting i plankartet – omsynssone D- H730

Vi gjer merksam på at alle freda kulturminne, inkludert sikringssone på fem meter, skal markerast som omsynssone D (sosi-kode H730) på plankartet. Vi rår til at ein lastar inn kartdata frå fornminnedenbasen Askeladden. Automatisk freda kulturminne som manglar er:

- Gravfelt ID 27840 Geitholmen
- Gravrøys ID 37788 Storhaugen gbnr 34/12
- Gravfelt ID 47854 Gjendemsbukta gbnr 35/1
- Gravfelt ID 27838 Store Kjelholmen gbnr 32/4
- Gravrøys ID 162066 gbnr 32/4
- Gravrøys ID 57600 Langøya gbnr 33/2
- Gravrøys ID 74448 Langøya gbnr 33/2
- Gravrøys ID 162100 R3 gbnr 33/2
- Gravrøys ID 37786 Langøya gbnr 32/75
- Gravfelt ID 8453 Langøya gbnr 32/75
- Røys ID 27837 Hoem Ytre gbnr 32/17
- Gravfelt ID 18248 Naustneset gbnr 32/26
- Busetjings- aktivitetsområde ID 162040 Hoemsnes steinalderlokalitet
- Gravrøys ID18245 Kjerringholmen gbnr 28/1
- Gravrøys ID 47846 Kjerringholmen
- Gravrøys ID 37784 Kjerringholmen
- Gravrøys ID27835 Olvoren gbnr 29/1
- Gravrøys ID 27832 Aurholmen gbnr 27/37
- Gravrøys ID67827 Aurholmen
- Gravrøys ID 8447 Beøya gbnr 21/2
- Gravrøys ID 18242 Beøya
- Gravfelt ID18243 Beøya
- Gravfelt ID 27831 Beøya
- Gravfelt ID 18241 Svenøya gbnr 20/1
- Gravfelt ID 8446 Svenøya
- Gravrøys ID 57592 Svenøya

- Gravfelt ID 47843 Lamholmen gbnr 20/2
- Gravfelt ID 37782 Svenøya gbnr 20/1
- Gravrøys ID 8445 gbnr 20/1
- Gravrøys ID 47842 gbnr 20/1
- Røysfelt ID67826 Nordøya gbnr 20/3
- Gravrøys ID 57593 Nordøya
- Gravrøys ID 27830 Nordøya
- Gravrøys ID 47845 Nordøya
- Røysfelt ID 47844 gbnr 20/3
- Gravrøys ID 27842 Nøsen gbnr 61/10
- Gravrøys ID 74454 Blokkehaugen gbnr 61/43
- Gravrøys ID 222121 Lauvåsen gbnr 59/23
- Røysfelt ID 222435 Lauvåsen
- Seter ID 226781 - Regionalt verneverdig gbnr 64/2 mfl.
- Busetjings- og aktivitetsområde 218816 Feten
- Gravrøys ID 37791 Naustvollen gbnr 47/318
- Gravrøys ID 74450 Teigan gbnr 47/2
- Gravfelt ID 37792 Feten gbnr 47/2
- Busettings- aktivitetsområde ID162259 Eidem sør gbnr 42/354
- Nausttuft ID 67834 Eidem gbnr 42/18
- Gravrøys ID 744441 Hamaren gbnr 13/3
- Busettings-aktivitetsområde ID88441 Kleiva gbnr 13/101
- Busettings-aktivitetsområde ID 304866 gbnr 12/6
- Busettings- aktivitetsområde ID137013 Lok 6 gbnr 10/2
- Busettings-aktivitetsområde ID13007 gbnr 10/2
- Busettings-aktivitetsområde ID 137009 gbnr 10/2
- Busettings-aktivitetsområde ID 137010 gbnr 12/13
- Nausttuft ID 15997 gbnr 9/5
- Busettings-aktivitetsområde ID 123429 Kjørsvik
- Gravrøys ID 47839
- Gravfelt ID 27820
- Busettings-aktivitetsområde ID123434
- Gravfelt ID 27821
- Busettings-aktivitetsområde ID 37773
- Busettings-aktivitetsområde ID 123433
- Gravfelt ID 56130
- Busettings-aktivitetsområde ID 159972
- Gravrøys ID 36802 Indre Harøy
- Busettings-aktivitetsområde ID 271968 Indre Harøy
- Gravrøys ID 7382 Teistholmen

- Busettings-aktivitetsområde ID 179561 gbnr 112/1
- Busettings-aktivitetsområde ID 56121 Prestegården
- Busettings-aktivitetsområde ID 16767 Prestegården/ Korsmyra lok 5
- Aktivitetsområde ID 170791 Korsmyra lok 4
- Busettings-aktivitetsområde ID 170793 Korsmyra Lok 6
- Slaggforekomst ID 170790 Lok 3 Korsmyra
- Busettings-aktivitetsområde ID 170796 Lok 9 Korsmyra
- Busettings-aktivitetsområde ID 26878 Prestegården
- Gravhaug ID 26879 gbnr 111/1
- Funnstad ID 218768 Lærsko og kulturlag gbnr 112/48
- Busettings-aktivitetsområde ID 218769 Område 5 «Ivergarden» gbnr 110/1 mfl.
- Bud kyrkjested ID 83970
- Gravrøys ID 56125 Brennhomen gbnr 99/10
- Busettings-aktivitetsområde ID 229808 Hundesteinen gbnr 91/123
- Gravrøys ID 133112 gbnr 125/1
- Busettings-aktivitetsområde ID 143986 Lok1 Lyngstad gbnr 170/29
- Busettings-aktivitetsområde ID 106467 gbnr 153/1
- Busettings-aktivitetsområde ID 106465

Omsynssone H570

Ergan kystfort ID 226869 -Regionalt verneverdig

Mellomalderkyrkjegardar og listeførte kyrkjer

Vågøy kyrkje ID 85881 er listeført og skal ligge som omsynssone H570 i kommuneplanen (ligger no som H730).

Bud kyrkje ID 83970 er listeført og manglar i plankartet. Denne skal ligge som omsynssone H570.

I Hustadvika kommune har ein tre mellomaldekyrkjegardar:

- Vågøy mellomalderske kyrkjegard ID 85881 - har riktig kartfesting i plankart.
- Bud mellomalderske kyrkjegard ID 83970 manglar kartfesting i plankartet og skal ligge som omsynssone H730.
- Hustad mellomalderske kyrkjegard ID 84671 – har riktig kartfesting i plankart.

Denne føresegna bør takast med i føresegnene til kommuneplanen for mellomalde kyrkjegardane:

«Den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillatne utan etter dispensasjon frå kulturminnelova.»

Haukås-Eidem B157

Denne reguleringsplanen er i konflikt med busettings-aktivitetsområde kulturminne-id 162258. Sikringssona rundt kulturminnet er også automatisk freda. Lokaliteten skal ligge i vern avmerkt med grønt område i kartet, dette gjeld heile kulturminnet. Vi vil ha **motsegn** til plana inntil denne arealkonflikten er løyst.

Klima og kulturmiljø

Klimaendringane aukar påkjenningane på kulturminne, kulturmiljø og landskap. Klimaendringane fører derfor til store utfordringar for kulturmiljøforvaltninga. God kjennskap til kulturmiljøa sin tilstand, sårbarheit og risiko for skader er ei forutsetning for å kunne ivareta kulturmiljø og iverksette nødvendige tilpassingstiltak. Hustadvika kommune har i lag med Riksantikvaren og fylkeskommunen vore med i eit pilotprosjekt der det er utvikla ein nye metode for ROS-analysar. Dei områda som var med var Malefeten og Maleremmen og Notholmen. Det blei i etterkant av arbeidet laga ein rapport kor ein vurderte klimarelatert risiko og planlegging av risikoreduserande tilpassingstiltak. Denne rapporten er eit viktig reiskap for å sikre kulturminne og kulturmiljø mot framtidige klimaendringar i Hustadvika kommune og er eit kunnskapsgrunnlag for omsyn som bør takast i planlegginga. Vi har ikkje foreslått føresegner eller retningslinjer om dette, men det kan omtalast i planomtalen.

Landskap og kulturminne frå nyare tid

Fylkesplanmål M3: Møre og Romsdal skal ta vare på eit mangfold av viktige kulturmiljø og sjå kulturmiljøa som ein ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonomi.

Planomtalen avsnitt 6.11 Kulturminne, kulturmiljø og landskap i kommuneplanen:

Freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø:

Planomtalen gir ei kort oversikt over dei ulike typane av freda kulturminne og regionalt verneverdige kulturminne. Vi saknar omtale av dei lokalt viktige kulturminna og det kommunale kulturmiljøplanarbeidet som er i gang. Denne bygger på to eldre kulturminneplanar som sikkert også er eit godt kunnskapsgrunnlag.

Under avsnittet om automatisk freda kulturminne, er det omtalt korleis dei vert sikra gjennom omsynssoner, føresegner og retningslinjer. Dette er ryddig løyst og sett opp. Når det gjeld dei kulturminna som er vedtaks- og forskriftsfreda saknar vi ei liknande oversikt. Sameleis saknar vi dette når det gjeld dei regionalt verneverdige kulturminna. Denne lista bør innehalde ein oversikt over alle regionalt verneverdige kulturminne med tilvisning til korleis dei vert sikra

gjennom omsynssoner, føresegner og retningslinjer. Slik dette no er sett opp blir uoversiktleg og vanskeleg å forstå.

I planforslaget er lagt inn generelle føresegner til kommuneplanens arealdel jf. 11 – 9 pkt. 7, altså omsyn til eksisterande bygningar og anna kulturmiljø. Dette er ikkje omtala i planomtalen og det er uklart kva for kulturminne og kulturmiljø dette gjeld for. Dette må avklarast. Under avsnittet om omsynssoner knytt til kulturmiljø – H570, side 48 står det at omsynssonene har fått tilhøyrande retningslinjer og generelle føresegner. Planomtalen kunne med fordel omtalt fleire av føreseggnene og kva dei inneber, for eksempel dette med riving, nybygging og tilbakeføring. Det er ikkje omtala i det heile.

Kulturlandskap:

Etter ei høyningsperiode vart Hustadvika kulturlandskap i 2024 offisielt registrert som eit kulturlandskap av nasjonal interesse (KULA). Hustadvika er såleis eit av 14 område i Møre og Romsdal som er vurdert med så høge landskapskvalitetar. I vurderingsrapporten vert landskapets karakter og sårbarheit omtala. I avsnittet i planomtalen burde det vore vist tydelegare til rapporten og hovudtrekka i den, slik at det blir enklare å setje seg inn i, og tolke føreseggnene seinare.

Elles står det i siste avsnitt om kulturlandskap at det er aktuelt å gi heile eller delar av landskapet omsynssone. Her bør det stå heilt konkret kva for ei løysing som er valt, og korleis det er følgt opp i dokumentet med føreseggnene. Ut i frå kartet ser det ut til at det er lagt omsynssone på delar av KULA-området.

Inne i KULA-landskapet ligg den freda Atlanterhavsvegen noko som også bør omtalast. Det er viktig at planen sørger for at opplevinga av vegen i landskapet og frå havet vert tatt vare på og ikkje svekka, jf. formålet med fredinga av vegen.

Generelle føresegner og omsynssoner

Nye føresegn § 11-9 nr 6 - Kulturlandskap KULA-Hustadvika og Atlanterhavsvegen:

KULA-Hustadvika og Atlanterhavsvegen er kulturlandskap og samferdselsminne av nasjonal verdi. For å kunne styre utviklinga og ta vare på kulturlandskapet KULA-Hustadvika og Atlanterhavsvegen, må det leggast inn ei generell føresegn jf. pbl § 11-9 nr. 6 om landskap. I tillegg bør det leggast inn ei omsynssone H550 landskap som føresegna skal gjelde for å vise området i kart.

Vi ber om at denne generelle føresegna vert teken inn i planen og :

«*KULA-området i Hustadvika er eit utvald kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Området skal forvaltast på ein slik måte at karakteren til landskapet vert halden ved like og styrka. Nye tiltak skal vurderast opp mot verknaden tiltaket vil ha på landskapet.*

Nye tiltak skal ikkje føre til vesentleg negativ påverknad på landskapet. Det skal ikkje settast i verk større tiltak som svekkar landskapskarakteren, til dømes vindkraftutbygging, kraftlinetraserar, store hyttefelt eller bygningar med volum og høgde som svekkar opplevinga av det opne landskapet.»

«Det skal ikkje settast i verk tiltak som svekkar opplevinga av Atlanterhavsvegen i landskapet og frå havet.»

Vi varslar **motsegn** om dette ikkje vert følgt opp.

Til omsynssoana H550 kan det leggast inn ei retningslinje slik: «*For større tiltak skal det leggast fram landskapsanalyse. Prosjektdokumentasjonen bør vise at prosjektet er vurdert i høve landskapstilpassing, eksisterande bygningsstrukturar, skala, materialbruk og fargebruk.*»

Atlanterhavsvegen er forskriftsfreda og det er uklart for oss om den har fått omsynssone D H730 slik freda kulturminne skal ha. Dette må rettast opp.

§ 3-6 Kulturminner og kulturmiljøer, jf. pbl § 11-9 nr. 7: Dei to første føresegnene er ei opplysning om at tiltak må avklarast i tråd med kulturminnelova og til kulturminnelova paragraf 8.2.

§3.6 pkt. a: «automatisk fredede kulturminner i kommunen, samt forskriftfredede kulturminner». Her manglar «vedtaksfreda kulturminne».

§3.6 pkt. c: Vi føreslår ei omformulering og utviding av punkt c: «*Der planen heimlar nye bygningar i tilknyting til verneverdig områder (H550-H570) kan dette godkjennast under føresetnad av at miljø- og verneverdiane i området ikkje vert reduserte. Nybygg skal få ei plassering og utforming med omsyn til storlek, form, materialar, detaljering, fargar o.l., som harmonerer med og vidarefører kvalitetane frå den eksisterande verneverdige strukturen og busetnaden i området.*»

§ 3.6 pkt. e: Dette er ei føresegn med ei god hensikt fordi kommunen ikkje har heimel til å nekte riving av bygningar og anlegg som ikkje er freda etter kulturminnelova, dersom planen ikkje har ei generell føresegn som seier at bygningen skal bevarast og ikkje rivast. Ei slik føresegn vil gi kommunen moglegheit til å avslå riving.

Likevel er det slik at det må settast opp ei liste over dei bygningane dette skal gjelde for, og eigarane må ha hatt moglegheit til å uttale seg på førehand, jf. tolkingsuttale fra Kommunal- og distriktsdepartementet.

Korleis dette er tenkt i denne planen, er uklart fordi det ikkje står noko om dette i planomtalen. I føresegna står det at kulturminne må vere ein del av eit kulturmiljø som har historisk, arkitektonisk eller annan verdi. Dette blir for generelt.

Vi forslår difor at denne føresegna vert omarbeid og at det i planomtalen vert sett inn ei liste over dei kulturminne rivingsforbodet gjeld for. Kommunen må da ha hatt kontakt med dei på førehand, eventuelt ved ei andre gongs høyring. Vårt råd er å ta utgangspunkt i fylkeskommunens regionale plan for kulturminne når denne lista skal utformast. Desse kulturminna fekk i 2015 vedteken status som regionalt verneverdig i «Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi». Vedtaket vart gjort av fylkestinget i Møre og Romsdal den 15.06.2015, etter tett dialog med kommunane i fylket. Eit forslag til føresegn kan vere «*Kulturminna på lista xx skal ikkje rivast.*»

Ny § 11-8 bokstav H390 Omsynssone for brannsikring i dei tette trehusområda

Riksantikvaren har definert og avgrensa i kart dei tette trehusområda i Møre og Romsdal. I Hustadvika kommune er Bud, Søndre og Nordre Bjørnsund definert som tett trehusområde. Vi ber om at desse områda får omsynssone H390 og vert tenke inn i planen:

«*For dei tette trehusområda i Hustadvika kommune, skal dei utarbeida brannsikringsplanane for områda til grunn for gjennomføring av brannsikringstiltak i områda. Avgrensinga av omsynssonene for brannfare følger Riksantikvarens avgrensing. Brannvesenet og fylkeskommunen skal ha alle søknader om tiltak til uttale.*

I tillegg ber vi om at denne retningslinja vert teken med i planen:

«*Etablerte rømingsvegar må opprustast eller være i tråd med krava i TEK, dersom dette er teknisk og økonomisk hensiktsmessig, og ikkje kjem i konflikt med antikvariske omsyn. Kvart tiltak skal vurderast konkret.*

Til slutt rår vi til at oversikta over omsynssonene vert gått igjennom med omsyn til nummerering.

Marine kulturminne

Saka er sendt til NTNU Vitenskapsmuseet, og uttale vil bli ettersendt når den ligg føre.

Barn og unge

Barn og unge må ha eit særskild fokus i alle plansaker. Nesten all planlegging verkar inn på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Det er særleg viktig at planprosessar vert lagt opp slik at barn og unge får høve til å delta, at planforslaget er forståeleg for barn og unge.

Barn og unge går, syklar og brukar kollektivtransport i større grad enn vaksne. Derfor er det spesielt viktig å ta omsyn til barn sine behov i tilrettelegging og utforming av infrastrukturen når om ein vel å legge til rette for meir spreidd bustadbygging. Vi rår til at kommunen arbeider for at barn, ungdom, kollektivreisande og andre grupper som ikkje har egne interesseorganisasjonar eller av andre årsaker treng spesiell tilrettelegging, aktivt kan medverke i planprosessen.

Friluftsliv

Friluftslivet ser ut til å vere godt ivareteke i høyringsforslaget. Store område er avsette til landbruk, natur og friluftsliv (LNF-område), noko som sikrar at desse områda fortfarande blir tilgjengelege for friluftsaktivitetar og ikkje blir utsett for utbygging.

Det er innført byggegrenser og omsynssonar langs vassdrag for å beskytte desse områda, og det er sett krav om regulering for å bygge i strandsona. Planen inkluderer omsynssonar for å beskytte viktige naturområde og kulturminne, som er viktige for friluftsliv. Dette inkluderer stiar, utsiktspunkt og andre rekreasjonsområde. Planen oppmodar til utvikling og vedlikehald av stiar, parkar og andre friluftsanlegg, tek omsyn til miljøet og legg opp til tiltak for å redusere erosjon og beskytte dyreliv. Dette sikrar at friluftsområde held fram som sunne og tilgjengelege.

Det er positivt at rettleiar M-1942 er lagt til grunn i konsekvensutgreiingane for friluftsliv. Vi meiner likevel at rettleiaren ikkje er følgt godt nok i enkelte fasar av utgreiinga og har følgjande innspel:

Ei konsekvensutgreiing av friluftsliv skal innehalde synfaring av friluftslivsområda. Innleiingsvis i utgreiinga skal det skildrast kven som har utført synfaringa, kva fagkompetanse/erfaring dei har og kva metodar som er brukt. Det skal også skildrast kor stort omfang synfaringa har hatt, og kva ruter/område som er synfart. Dette inneber at synfaring og utgreiing blir gjennomført av fagperson med kompetanse til å utgreie friluftsliv.

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget saknar vi oversikt over statleg sikra friluftslivsområde. Det ville også vere ei styrke med oversikt over registrerte turar i morotur.no og kartverket si turrutedatabase. Det er ei styrke for planen at kommunen har kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde, men ein svakheit med kartlegginga er at det ikkje er gjort vurderingar av store delar av strandsona i dei store kyststrekningane. Til dømes mellom Bud og Atlanterhavsvegen. Her er det hovudsakleg sjøarealet som er registrert som svært viktig. For friluftslivsutøvinga vil tilgangen til desse sjøareaala gjennom ei open strandlinje ha betydning. Vi saknar også betre vurderingar av korleis arealendringane vil påverke og forringe friluftslivsverdiane. Dei vanlegaste påverknadsfaktorane på friluftsliv er:

- endring i attraktivitet (visuelle verknader, støy og anna forureining)
- arealbeslag
- barrierar/stengsler som reduserer tilgjenge og tilkomst

Rettleiaren går i detalj om dei ulike påverknadsfaktorane.

Konsekvensane for friluftsliv må vurderast opp mot allmennheita si moglegheit til å drive friluftsliv i tråd med allemannsretten. Tilrettelegging for fritidsbustader, og fritids- og turistføremål som etter føresegne skal drivast i kommersiell samanheng, vil verke privatiserande og kan slik sett ikkje takast til inntekt som positiv konsekvens for friluftslivet. Spesielt i areal som i gjeldande plan ligg inne som LNF vil ei endring i arealføremål til fritidsbustader eller fritids- og turistføremål ikkje gi ein positiv konsekvens for friluftslivsutøvinga. For at eit tiltak skal kunne verke positivt inn på friluftslivsaktiviteten må det legge til rette for betre allmenn tilgjenge i tråd med allemannsretten. Privatisering av strandsona vil ha motsett effekt.

Kommunen manglar ein plan for korleis friluftslivet sine ferdselsårer skal utviklast. Slik sett manglar eit viktig verktøy for å kunne sjå kva påverknad arealendringane vil ha for framtidige ferdselsårer og samanhengar.

For å ivareta friluftslivet endå betre kan kommunen involvere lokalsamfunnet til dømes gjennom arbeid med ein slik plan. Gjennom folkemøte og workshops kan innbyggjarane synleggjere deira behov og ønskjer for friluftsliv og kommunen kan identifisere og inkludere fleire område som kan brukast til friluftsliv, spesielt i nærlieken av tettstader. Dette kan sikre at utviklinga reflekterer dei faktiske behova og preferansane til befolkninga. Betre skilting, brøyting og belysning, tilrettelegging for folk med nedsett funksjonsevne, krav til turstiar i nærlieken av nye bustadområde og tilrettelegging for aktivitetar som sykling, padling og riding kan vere med å auke friluftslivsaktiviteten i kommunen.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i Fylkestinget 7.12.2021 og av KMD 31.10.2022. Regional vassforvaltningsplan sett miljømål i vassførekommstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. . Vassforvaltningsplanen skal leggast til grunn i kommunens saksbehandling og verksemد og er ei regional føring. Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø i kommunens planar og at det ikkje leggast planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. Planen ligger [HER](#).

Vassforvaltning har ein tydeleg plass i [«Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027»](#). 19. mars 2019 kom i tillegg [nasjonale føringer for vassforvaltninga](#) . Her er det lagt tydelege føringer for kommunens arbeid innafor avløp, drikkevatn og landbruk m.m. I tillegg skal vassforvaltning bli ivaretake i kommunal arealplanlegging der det går fram av

føringane at «Kommunene har en særlig viktig rolle i vannforvaltningsarbeidet. Det lokale arbeidet i vannområdene er et viktig grunnlag for det påfølgende regionale arbeidet, og muliggjør lokal forankring og medvirkning, samt innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap. Kommunene besitter ofte førstehåndskunnskap om vannforekomstenes tilstand og påvirkninger. De er myndighet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innen drikkevann og avløp, overvannshåndtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forurensning. Videre er kommunens arealplanlegging svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Kommunene vil på denne bakgrunn være sterkt involvert i arbeidet i vannregionutvalget og særlig arbeidet i vannområdene.»

Arealplanen følger opp vassmiljø godt. Av arealplankartet synes det som om omsynssoner rundt nokre av vassdraga har falt ut og dette bør rettas opp.

Ifølge temarapporten *Klassifisering av tilstanden til sjøørret i 1279 vassdrag av Vitenskaplig råd for lakseforvaltning (VRL) er det berre 5 av 201 undersøkte sjøaurevassdrag i Møre og Romsdal som oppnår god tilstand. Heile 3 av desse vassdraga er i Hustadvika (Nåsvassdraget/Vågsbøelva, Hustadelva og Vassgårdselva).*

Dette viser tydeleg ressursane Hustadvika har i vassdraga sine, og bør omtalast. I VRLs rapport om trusselvurdering kjem arealbruk som landbruk, veg og andre inngrep høgt opp som trussel mot sjøaure i tillegg til lakselus. Kart over anadrome vassdrag er mogleg å hente inn for bruk.

Miljø, klima og energi

To av resultatmåla i Fylkesstrategi for miljø, klima og energi lyder: «Møre og Romsdal skal ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energiberarar» og «I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi».

Både ny produksjon av energi og infrastruktur for distribusjon av energi fordrar avklaring av arealbruk. Areal som bør synast når dette er relevant, er mellom anna:

- Energistasjonar, lade- og fylleinfrastruktur til transport (luft, bane, veg, sjø)
- Infrastruktur for distribusjon av energi til industri på fastland og offshore
- Areal til produksjon av energi (elektrisk kraft, biogass, hydrogen osv.)
- Kraft og nettinfrastruktur (trasear, transformatorstasjonar), både oppgradering av eksisterande og planlagde nye kraftleidningar. Dette kan vere større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar, eller mindre kraftleidningsanlegg.

Universell utforming

Fylkesplanmål IK 1: Møre og Romsdal skal ha trygge og tilgjengelege lokalsamfunn som fremmer god folkehelse, og som har gode og tilstrekkelege helsetenester til alle

Kommuneplanens arealdel skal følge opp måla for kommunens utvikling i samfunnsdelen og legg grunnlaget for utforming og utvikling for det fysiske miljøet, og gir føringar for reguleringsplanar. Kommunen får vurdere om bestemmelsane i § 3.5 Universell utforming, jf. pbl. § 11-9 nr. 5 tar dette nok i vare.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune finn manglar ved konsekvensutgreiingane og har **motsegn** til planframlegget i medhald av pbl § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiinger § 18, 3. ledd.

Slik planframlegget ligg føre er det noko uklart kor mykje dyrka/dyrkbar jord som går tapt, og vi vi varslar at det kan komme **motsegn** med bakgrunn i Fylkesstrategi for landbruk for Møre og Romsdal 2023-2026 og Nasjonal jordvernstrategi når eit betre arealregnskap ligg føre.

Vi ber om at § 5.4 i bestemmelsane blir oppdatert med krav om handelsanalyse i samsvar med regional plan dersom grensene blir utfordra. Inntil dette er gjort, har vi **motsegn**.

Vi har **motsegn** til arealføremål Fritids- og turistføremål på gbnr. 129/164. Heimel for motsegn er veglova § 1 a.

Det er 85 automatisk freda kulturminne som manglar kartfesting i plankartet. Vi har **motsegn** til plana inntil dette er følgt opp.

Haukås-Eidem B157 er i konflikt med busettings-aktivitetsområde kulturminne-id 162258. Sikringssona rundt kulturminnet er automatisk freda og lokaliteten skal ligge i vern avmerkt med grønt område i kartet. Vi vil ha **motsegn** til plana inntil denne arealkonflikten er løyst.

Vi ber om nye føresegner til § 11-9 nr 6 - Kulturlandskap KULA-Hustadvika og Atlanterhavsvegen, og varslar **motsegn** om dette ikkje vert følgt opp

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre merknader blir vurdert og innarbeidd. Om det er behov for møte så ta gjerne kontakt med fagleiar.

Med helsing

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Torbjørg Lillebø
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel:rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69
Automatisk freda kulturminne: arkeolog Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75
Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Svein Ole Storøy, tlf. 71 28 05 53
Tettstadutvikling: rådgivar Grete Kongshaug, tlf. 71 28 01 67
Landbruk: rådgivar Kirsti Hjelme Connor, tlf. 71 28 05 57
Friluftsliv: rådgivar Petter Jerset, tlf. 71 28 03 05
Vassforvaltning: rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 28 03 52
Miljø, klima og energi: rådgivar Silje Hårberg, tlf. 71 28 04 24